



Breim barnehage



Årsplan 2026 – 2029



Innhold

Innleiing	3
Barnehagen som pedagogisk verksemd	3
Overordna mål	3
Vurdering av barnehagen sin pedagogiske praksis	3
Verdigrunnlaget	4
Barn og barndom	4
Mangfald og gjensidig respekt	4
Likestilling og likeverd	4
Berekraftig utvikling	5
Livsmeistring og helse	5
Inkluderande barnehagemiljø	5
Kosthald og måltid	8
Danning	8
Omsorg	10
Leik	10
Læring	11
Medverknad	12
Demokrati	13
Digital praksis	13
Overgangar	14
Når barnet begynner i barnehagen	14
Overgangar i barnehagen	14
Overgangar mellom barnehage og skule	14
Samarbeid	14
Samarbeid barnehage – heim med gjensidig tillit og respekt	15
Andre instansar	16
Barnehagen si organisering	16
Eigar	16
Styrar	16
Pedagogisk leiar	16
Fagområda i barnehagen – Progresjonsplanar	16
Progresjonsplan litteratur og progresjonsplan pedagogisk innhald	17
Progresjonsplan – variasjon i tema/ bøker tilpassa ulike alder og utviklingsnivå	18



Innleiing

Årsplanen er Breim barnehage sitt plandokument for det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Den bygger på Lov om barnehage og Rammeplan for barnehage. Årsplanen gjev informasjon om det pedagogiske arbeidet til barnehagen til myndighetsnivå, samarbeidspartane til barnehagen og andre interesserte. Årsplanen er ein arbeidsreiskap for barnehagetilsette og skal dokumentere/ syne kva som ligg til grunn for arbeidet vårt med barna og for dei vala vi tek. Den inneheld informasjon om korleis vi arbeider med omsorg, danning, leik og læring for å fremje barna si allsidige utvikling.

Barnehagen som pedagogisk verksemd

Visjonen til Breim barnehage er «Leik og læring hand i hand». Barnehagen er i følgje Rammeplan for barnehage ei pedagogisk verksemd der samfunnsmandatet er å ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Vi skal tilby barn under opplæringspliktig alder eit omsorgs – og læringsmiljø som er til det beste for barna. Det skal gjerast i samarbeid og forståing med heimen til barna.

Overordna mål

- Barn skal ha eit trygt og godt barnehagemiljø
- Barn skal oppleve progresjon i sin utvikling og mestring
- Barn skal oppleve medverknad i tråd med alder og modning
- Barn vert sikra omsorg, leik, samt læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling
- Barn skal bli robuste til å meistre eigne liv

Vurdering av barnehagen sin pedagogiske praksis

Personalet skal planlegge for å sikre samanheng mellom ord og handling. Vurderingar av det pedagogiske arbeidet ligg til grunn for nye planar. Vurdering av barnehagen sin pedagogiske praksis skjer gjennom:

- Brukarundersøkingar
- Barnesamtalar/ barn sin medverknad
- BIM (Barnehagen sitt innsatsteam mot mobbing)
- Foreldresamtalar
- Ulike møtepunkt/ planleggingsdagar
- Utviklingsprosjekt: DUEN – modellen
- Rammeplan for barnehagen
- Observasjon, kartlegging (TRAS = tidleg registrering av barn si språkutvikling, Alle med, Askeladden, Talforståing, Omgrepsforståing), og dokumentasjon
- Refleksjonar, tolking og val
- Månadsbrev frå avdelingane





Verdigrunnlaget

Barn og barndom

Vi skal bidra til at barn som går i barnehage får ein god barndom prega av trivsel, venskap og leik, Rammeplan 2017. Vi gjev barndommen eigenverdi ved at barna har det bra her og no. Barn utvikler seg i ulikt tempo. «*Å ivareta barndommens egenverdi vil innebære å hele tiden vurdere og ta hensyn til hvorvidt barnet selv opplever et problem*», Ask 2018:18.

Pedagogisk grunnsyn omfattar ideane, oppfatningane og filosofien som ligg til grunn for pedagogiske val og handlingar. Grunnsynet bygger på dei lover og forskrifter som til ei kvar tid er gjeldande for barnehagar i Norge. For å nå visjonen og verdiane våre, Rammeplan for barnehagen og andre lovverk, har vi jobba fram eit felles grunnsyn.

Breim barnehage sitt grunnsyn ber mest preg av Montessori og Fröbel sine grunnsyn, men òg delar av Reggio Emilia og Rudolf Steiner sine grunnsyn:

- Leik i fokus. Barn si utdanning – Friedrich Fröbel
- Fokus på det fysiske miljøet. Gode rutiner, orden, god organisering, sikre omsorg – Maria Montessori
- Lytte til barna – Reggio Emilia
- Fokus på utviklingspotensialet. Personleg vekst og utfolding. Sjølvstende og robustheit. Trygt barnehagemiljø. Rom for mangfald og individet som del av ei gruppe. Musikk og kreativitet – Rudolf Steiner

Verdiane som er løfta høgt fram og viktige og vektlegge i Breim barnehage er:

- Likeverd
- Gjensidig tillit og respekt
- Livsmeistring: livsglede, meistring og oppleving av eigenverdi
- Berekraftig utvikling; ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen
- Omsorg, tryggleik og fellesskap (demokrati/ medverknad)
- Vilkårslaus omsorg
- Rettferd: ta omsyn til individuelle ulikskapar og behov – vi må behandle barna ulikt skal vi behandle dei likeverdige

Mangfald og gjensidig respekt

«Barnehagen skal vise korleis alle kan lære av kvarandre, og fremje nysgjerrigheit og undring over likskapar og ulikskapar», Rammeplan 2017. Mangfald handlar om meir enn kulturelle ulikskapar i form av livssyn og tradisjonar. Barn har ulike føresetnader som ulik sosial bakgrunn, kjønn, seksualitet, funksjonsnedsettingar, lærevanskar mm. Barn er ulike. Alle har rett til å få eit godt barnehagetilbod i tråd med lovverket, Ask 2018:25. Alle skal bli inkluderte og alle skal oppleve åndsfridomen som retten til å tru, meine og uttrykke seg som den dei er.

Likestilling og likeverd

Alle skal ha lik moglegheit til å bli sett, høyrte og oppmuntra til å delta i fellesskapet i alle aktivitetar i barnehagen. «Personalet må reflektere over sine haldningar for best og kunne formidle og fremme likeverd og likestilling», Rammeplan 2017. Vi skal sjå på barna som enkeltindivid. Barna skal bli behandla på lik måte uavhengig av kjønn.



Berekraftig utvikling

Det handlar om å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barnehagen skal legge grunnlag for barn si evne til å tenke kritisk, handle etisk og syne solidaritet. For at barn i barnehagen skal utvikle bærekraftige vaner gjer vi følgande:

- Kjeldesortering
- Haldningsskapande arbeid der vi fokuserer på og ta vare på leikane/ utstyret vi har
- Investere i kvalitetsprodukt i den grad det går
- Forbruk
- Go`flekken: dyrking av frukt, bær og grønnsaker.
- Ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen

Livsmeistring og helse

Livsglede, meistring og oppleving av eigenverdi skal løftast høgt fram i Breim barnehage. Livsmeistring inneheld t.d. rørsle, kosthald, sosial kompetanse og tryggleik. Barnehagen skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet og skal stimulere rørslegleda og den motoriske utviklinga til barna. Måltid og matlaging i barnehagen skal gje barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar, Rammeplanen 2017.

Det bidreg til at barna blir robuste og gjev dei motstandskraft som gjer barna i betre stand til å tole livet sine opp- og nedturar.

Inkluderande barnehagemiljø

Inkluderande barnehagemiljø har stort fokus i barnehagen. Alle barn skal ha det trygt og godt i sitt barnehagemiljø. Vennskap og fellesskap er dei viktigaste skapa i barnehagen. Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler. Barna skal få ro, kvile og avslapping i løpet av barnehagedagen, Rammeplanen 2017.

Det er viktig at både personalet og foreldre seier ifrå dersom dei har uro for at barn ikkje har det trygt og godt i sitt barnehagemiljø. Å ha det trygt betyr at vi skal vere beskytta frå skade eller fare, og kan omfatte både psykologisk og fysisk tryggleik.

For at barn skal ha eit trygt og godt læringsmiljø må følgande element vere til stades:

Å ha det trygt		Å ha det godt	
Indre tryggleik: God sjølvkjensle Trygg integritet Opplevd sjølvverd	Ytre tryggleik: Bevisst og systematisk oppfølging i miljøet	Med seg sjølv: Heilskapleg helse Oppleving av livsmeistring	Saman med andre: Høyre til Vennskap Nære relasjonar

Guttorm Helgøy, 2020

Barnehagen arbeider førebyggjande. Følgande tiltak skal bidra til eit trygt og godt barnehagemiljø:

- **Skjerme leik i grupper dagleg.** Rullere mellom barn. Jobbe med språk, relasjon og samspel. Ha fokus på barnehagevenar og ikkje bestevenn (omgrepet er ekskluderande). Alle avdelingane har aldersdelte grupper. Med jamne mellomrom er det aldersdelte grupper på tvers av storbarnsavdelingane. Avdelingane er saman ute, og dei kan besøke kvarandre på avdelingane når dei er inne.



- **Legge til rette for god relasjon tilsette – foreldre.** Ha relasjonelt mot til å ta opp ekskludering, utestenging, negativt språk, styrande åtferd osv. på eit tidleg stadium.
- **Ha system for observasjon, dokumentasjon, tiltak og evaluering.** Gå frå kjenslespråk (føle/tru), til å skildre kva vi faktisk observerer blir sagt og gjort.
- **Sikre medverknad:** barnesamtale og foreldresamtale. Barnet si stemme skal bli høyrte.
- **Systemisk arbeid der vi sikrar fagleg grunna tiltak.**
- **Stopp samtale** - «No såg eg at du snudde ryggen til/blikka/skubba..... Hadde du gjort det mot meg, så hadde eg ikkje likt det. Så stopp.»
- **Vere ein god rollemodell** - stopp krenkande åtferd og inviter alle barn inn i fellesskapet.

Kjenneteikn ved mobbing:

- **Sosialt** : Vert halden utanfor, får ikkje vere med i gruppa
- **Fysisk**: Blir slått, sparka, lugga osv.
- **Verbalt**: Spreie rykte, får kallenamn, blir snakka stygt om, gjort til latter, sarkasme, ironi, kommentarar om hudfarge, kjønn, utsjånad, religion, seksualitet , kommentere det andre seier på ein nedlatande måte
- **Kroppsspråk**:Utfrysing, bruk av blikk, negativt kroppsspråk
- **Materielt**: Får øydelagt kle eller egedelar
- **Psykisk**: Blir trua eller tvinga til å gjere noko, hindre andre i å få venner
- **Digitalt**: Vert hengt ut på sosiale media, spreie bilde/filmar

Når foreldre eller tilsette melder frå om ei uro om barnet har det trygt og godt i barnehagen, skal avdelinga følgje opp med å observere, undersøke og ved behov sette inn tiltak. Barnesamtale og foreldresamtale gjennomførast. Det skal dokumenterast. Dersom avdelinga ikkje løyser saka sjølv, kan ein be om støtte frå BIM (barnehagen sitt innsatsteam mot mobbing). Teamet nyttar ulike observasjons- og kartleggingsmetodar, og er ute i miljøet for å undersøke/observere kva som skjer. Dersom det syner seg at barnet ikkje har det trygt og godt, skal det følgast opp med tiltak som vert evaluert etter ei stund. Dersom BIM i samarbeid med avdeling ikkje løyser saka, kan ein søke hjelp frå kommunen sitt innsatsteam mot mobbing (KIM). Barnehagen har ansvar for prosessen, men føresette vert ein viktig samarbeidspart. Dersom det er mistanke om at ein tilsett krenka eit barn, er det KIM som følger opp saka frå starten av.

Det vert jobba systematisk med tidleg innsats. Her jobbar vi etter BTI-modellen (Betre tverrfagleg innsats). Barnehage er eit supplement til heimen. Det å ha eit godt samarbeid barnehage-heim er grunnleggande viktig i oppfølging av barn. Fokus i barnehagen er at samarbeidet skal vere prega av gjensidig tillit og respekt der vi snakkar med kvarandre på eit tidleg tidspunkt om uro oppstår. Barna skal øve seg på og bli robuste,- noko dei vil trenge seinare i livet.

Barnehage er eit gruppetilbod. Alle barna skal bli inkludert i eit trygt læringsmiljø. Barnehagen har plikt til å følgje med, fange opp, undersøke og sette i verk tiltak dersom barn ikkje opplev tryggleik og ikkje vert inkludert i barnehagemiljøet. Vi skal støtte barna sine initiativ til samspel og bidra til at alle kan få leike med andre, oppleve venskap og lære og behalde vennar. I barnehagen er vi barnehagevennar.

Samarbeid med føresette er viktig for å lukkast i dette arbeidet. «Det trengs ein heil landsby for å oppdra eit barn». For å sikre alle barn eit trygt og godt oppvekstmiljø treng vi ei heil bygd med vaksne som følgjer med, tek tak og inviterer barn inn i fellesskapet. Dette er



vaksne sitt ansvar. Vaksne skal syte for at alle barn er inkluderte og har eit trygt læringsmiljø anten det er i barnehagen, på skulen, eller på fritida.

På foreldremøtet i Breim barnehage våren 2021 gjennomførte vi ein pedagogisk analyse. Tiltaka vi kom fram til, og som både personalet og foreldregruppa ville støtte opp om i kvardagen var:

Utfordring: Alle barn vert ikkje inkludert i sitt eige oppvekstmiljø (barnehage, skule, fritid)	
Faktorar som opprettheld utfordringane	Tiltak som inkluderer alle barn
• Manglande styring/retteleiing • Manglande tilrettelegging av vaksne • Fritidsaktivitetar; med/ ikkje med, foreldra sitt engasjement/ barn sine ynskjer • Avstandar; kor tette foreldra er/ kvar barna bur • Bursdagar • Leik som ikkje er overcomeleg for alle t.d. fotballbana • Foreldra ikkje flinke nok til å ta barn med på ting • Sosiale media • Ikkje påverke men la ting skure og gå • Negativ påverknad frå andre • Når barnet ikkje har eit språk som andre barn forstår (td. underutvikla, framandspråk mm) • Foreldre som ikkje viser interesse eller tek positiv kontakt med andre foreldre når dei møtast i barnehagen saman med sine barn • Personalet i barnehagen ikkje møter foreldra på ein god nok måte. Overser, ikkje møter med respons (blikkontakt, interesse, positiv haldning), og ikkje er lydhøyre til foreldre. • Forskjellsbehandling • Ignorerer situasjonar • Språkbarrierar/ alder • Å ikkje sjå • Mangel på meistring • Allergi, rullestol (td. barnebursdag) • Interesse/ arbeidssituasjon til foreldre kan gjere at ikkje alle kan vere med på alle aktivitetar • Enkelte vert kanskje aldri inviterte heim på besøk • Manglande vaksen inngripen i barnehagen/ fritida • Kommunikasjon mellom vaksne og barn	• Foreldre tek initiativ til å invitere dei som fell utanfor • Vaksne bevisstgjere barna/ stimulere empati • Vaksne passe på kva ein pratar om framfor barna – framsnakke • Vaksne tilby varierende fritidsaktivitetar – treffe interesser til dei som fell utanfor • Vaksne ta ansvar/ ta initiativ/tenke nytt • Vaksne halde seg orientert om/ undersøke kva fritidstilbod som finst • Vaksne på hugget, ta barna med, prøve seg på ulike arenaer/ ikkje einspora • Vaksne invitere barn heim – invitere «alle» • Vaksne legge arrangement på ulike stadar • Vaksne vere i miljøet, halde kontakt, inkludere heile gruppa, rullere grupper, vere medvitne kva dei seier sjølv, foreldreansvar å hugse på alle • Personalet i barnehagen legge til rette for god språkstimulering i samarbeid med heimen • Foreldre spørre og syne ei positiv og støttande interesse for andre barn i samtale med eigne barn • Personalet ha ei positiv haldning til alle foreldre og vere lydhøyre og møte alle på ein god måte • Vaksne rettleie barna slik at alle får vere med • Vaksne lese situasjonen i rommet • Vaksne bevisst på at det som skjer på fritida er viktig for at barn skal vere inkludert i barnehage/skule • Vaksne engasjere seg i leiken og dra med seg barn kor foreldra ikkje kan/ orkar vere med på aktivitet



• Skjult åtferd/ klarer vaksne å lese signal? • Manglande felles arena • Inkludering vert ikkje tatt tak i; nye barn kjem inn i samansveisa gjeng. Alder, kjønn og interesser • Foreldre sine haldningar • Ulike interesser både hos barn og i familien • Utvikling både språkleg og motorisk • Ulike aldrar i barnehagen • Miljøet i barnehagen; oppfølging osv.	• Vaksne ta seg tid til å snakke med andre ungar på avdeling ved henting/ levering • Vaksne inkludere/ invitere heim ikkje berre 1 og 1 – gjerne fleire • Vaksne tørre å kommunisere med andre foreldre om problem • Vaksne invitere heim andre enn dei barna vanlegvis leikar mest med • Vaksne legge til rette for sosialt samvær • Vaksne rullere på gruppene, inkludere alle interesser/ alle kjenne meistring på noko • Vaksne fokusere på det positive – ikkje det negative • Vaksne oppfordre/ utfordre ungane litt på «det dei ikkje vil» • Vaksne legge til rette for leik som passar to som ikkje er venner • Vaksne lære barna om respekt • Vaksne unngå å snakke stygt om andre familiar/ barn • Vaksne lære barna kva som er greitt å seie om andre
--	---

Vi skal støtte barna i å ta andre sitt perspektiv. Barna skal øve seg på og sjå ei sak frå fleire sider, og reflektere over eigne og andre sine kjensler, oppleving og meiningar, Rammeplanen 2017.

Kosthald og måltid

God og næringsrik mat er viktig for at barna skal vekse, trivast og lære. Eit måltid er tid for glede og fellesskap, og er ein viktig arena for språkutvikling og sosial kompetanse. Måltida skal vere trivelege med gode samtalar mellom barna og mellom barna og dei vaksne. Vi hjelper/ støttar barna sine forsøk på og bli sjølvstendige i måltidet og oppmuntrar alle til å prøve og klare seg sjølv, og å hjelpe kvarandre.

Barnehagen føl Helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid:

- Variert kosthald: frukt, bær, grønnsaker, grove kornprodukt, fisk, bønner og linser
- Redusere inntak av bearbeidd kjøt, raudt kjøt, salt og sukker
- Feitt og sukker: Velge produkt med mindre fett og unngå tilsett sukker.
- Dagleg inntak: mjølk og meieriprodukt
- Vatn: Drikke vatn som tørstedrikke

Danning

Danning inneheld omsorg, leik og læring. Det handlar om å skape eit læringsmiljø som fremmer barna sine evner til å tenke sjølv, søke kunnskap og reflektere over ulike situasjonar. Barnehagen skal støtte barna i å uttrykke eigne synspunkt og utvikle kritisk



tenking, etisk vurderingsevne og handlekompetanse. Den startar allereie i spedbarnsalderen der dei gjennom samspel med omgjevnadane utviklar seg, og er eit omgrep som beskriv forminga av mennesket sin personlegdom, oppførsel og moral, evne og plikt til å forme seg sjølv. Danning i barnehagen handlar om å utvikle barn si evne til å tenke sjølv, reflektere, og delta aktivt i samfunnet.

Danning skjer når vi må takle med kropp og tanke, det ukjente i ei sosial setting. Å møte det vi er usikre på er ein del av prosessen med danning. Då blir vi gradvis meir robuste, og vi opplev meistring. Noko av det viktigaste i dannelsesprosessen er å gje barna god sjølvkjensle, at dei gjennom den kan forstå både seg sjølv og andre. Viktige moment:

- Eg kjenner meg sjølv. Eg får bekrefte tankane og kjenslene mine
- Eg er viktig. Andre tek meg på alvor
- Eg er eit godt menneske. Andre syner meg tillit
- Eg er viktig for fellesskapet. Eg får høve til å bidra
- Eg er kompetent. Eg får oppgåver eg kan meistre

På foreldremøte i august 2025 starta vi prosessarbeidet med kva foreldre og tilsette kan gjere i prosessen med danning. Det vi kom fram til var følgande:

Kva kan foreldre konkret gjere i prosessen med danning?	Kva kan tilsette konkret gjere i prosessen med danning?
• Tydlege vaksne – grensesetting • Følgje opp det ein seier • Vere samkøyrde om kva som er viktig for barnet/ kva som er til det beste for barnet. Dette for å unngå og skape unødig forvirring for barnet • Gå føre med gode eksempel/ vere gode førebilete i møte med andre menneske ved å helse/ vere vennlege med kvarandre • Gje barna ansvar og oppgåver dei meistrar • Oppmuntre til nysgjerrige og sjølvstendige barn • Rose barna når dei gjer noko bra • Vere gode rollemodellar som set tydlege grenser på ein omsorgsfull måte • La barnet stå i frustrasjon og tole gråt/sutring. Vere nær og støttande • Tilstadeverande foreldre (legge vekk mobilen) • Sette grenser samstundes som ein gjer rom for at barna får utforske	• Vere gode rollemodellar • Legge til rette for god identitetsutvikling • Vere tydelege/ tolmodige • Tole og stå i utfordrande situasjonar • Skape gode relasjonar • Ta seg tid til spørsmål, undring, la barna prøve sjølve. • Snakke om situasjonar som oppstår • Framsnakke kvarandre • Leikande og nysgjerrige vaksne som støttar barna sine initiativ • Utfordre og støtte barna i å prøve nye ting/ situasjonar • Jobbe med samspelet mellom barna/ inkluderande åtferd • Jobbe med språk – sette ord på kjensler • Støtte barna si trong til å utforske/ vere den trygge basen deira • La barna få prøve og feile – stå i motgang – gje trøyst/ anerkjenning
• Gje barna ansvar slik at dei kan prøve og feile – vere ei trygg hamn • Lære dei å vere ein del av eit fellesskap/folkeskikk – gjere barna	• Respekt for ulikskapar og forstå at ein er ein del av noko meir enn seg sjølv • Bli utfordra til å tole og møte motstand for å bli sjølvstendig, trygg på seg sjølv



bevisste på at dei av og til må ta omsyn til andre enn seg sjølv	Stole på egne ynskjer og meiningar.
- Jobbe med gode haldningar både hos foreldre og eldre sysken - Legge til rette for at barna kan øve på samspel saman med jamaldrande – òg utanfor barnehagen - Å ha eit godt samarbeid mellom barnehage og heim - Barna våre er spegla av oss foreldra: vi må vere gode rollemodellar, vi kan hjelpe tilsette med å gje god rettleiing til barna våre	

Omsorg

Omsorg er ein føresetnad for barna sin tryggleik og trivsel, og for utvikling av empati og nestekjærleik. Breim barnehage skal aktivt legge til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, barna seg imellom, og for trivsel, glede og meistring.

Grensesetting er ein del av omsorga. Det å sette tydelege grenser bidreg til tryggleik. Personalet skal støtte barna sine initiativ til samspel, og bidra til at alle kan få leike med andre, oppleve vennskap og lære og behalde vennar. Samtale om normer for samhandling, støtte barna i å ta andre sine perspektiv, sjå ei sak frå fleire sider, reflektere over egne og andre sin kjensler, opplevingar og meiningar vert grunnleggande viktig.

Leik

Dette seier rammeplanen:

Å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrse og anerkjenning, og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen.

Personalet skal støtte barna sine initiativ til samspel og bidra til at alle kan få leike med andre, oppleve vennskap og lære å behalde venar, Rammeplanen s.23.

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og vi skal gje gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Barnehagen skal inspirere og gje rom for ulike typar leik inne og ute, aleine og saman med andre barn og vaksne. Døme: tumleleik, symbolleik, funksjonsleik, konstruksjonsleik, sansemotorisk leik og rolleleik.

Leiken er barn sin eigen måte å lære, bearbeide erfaringar, og skape noko nytt på. Den legg grunnlaget for å utvikle kunnskap og ferdigheter. Å leike er ein måte å lære seg spelereglane i livet. Det er òg ei kjelde til glede.

I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om deira lyst til å leike, utforske, lære og mestre. Alle barna skal erfare at dei har betydning for fellesskapet der dei får vere i positivt samspel med kvarandre og med vaksne. Barnehagen skal aktivt legge til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Barnehage er eit **gruppetilbod** der vi er **barnehagevennar**.

Breim barnehage sitt pedagogisk grunnsyn om leik handlar om korleis leik blir brukt. Vi bygger praksisen rundt barna sin leik. Vi gjer den god tid. Vi syner barna respekt og lyttar til dei ved at vi legg til rette og tonar oss inn i leiken. Vaksne skal vere til stades fysisk i leiken, og vere mentalt på kopla.



I frileik vert det øving i sosial samspelstrening i grupper som vente på tur, dele, ta tur, invitere andre inn i leik, invitere seg sjølv inn i leik, forstå ulike leikekodar mm. Leik er situasjonar der barnet kan vere den som får sine initiativ og idear innfridde. Når det er mogleg: Følgje barna sine behov.

Læring

Dei tilsette skal jobbe etter prinsippa i **Circle of security** (COS). Den vaksne skal vere den trygge base som støttar, men og utfordrar barnet. Gode konkrete beskjedar er viktig. Den vaksne skal setje ord på det vi vil barnet skal gjere. Ein skal «ta» barnet i å gjere noko godt, og la det få vite at ein har sett det. Det du vier merksemd får du meir av (løysingfokusert tilnærming - LØFT). Tydeleg leiing av barnegruppe, grensesetting, varme og omsorg skal prege vaksenrolla i Breim barnehage.

Gode relasjonar fremmer barn si psykiske helse og livsmeistring. Det handlar om å dele ulike kjensler saman med andre. Små barn har eit grunnleggjande behov for tilknytning til sine nære omsorgspersonar. Når dei begynner i barnehagen vil dei aktivt forsøke og knyte seg til ein eller fleire av dei tilsette. Trygg tilknytning blir etablert når barnet opplev at det blir forstått, verdsett og blir godt ivareteke av den vaksne.

Trygge tilknytingsrelasjonar er spesielt nære relasjonar. Det bidreg til at barna blir meir robuste i møtet med seinare utfordringar. Dette mellom anna fordi dei har fått god erfaring med å søke hjelp og støtte når noko har vore vanskeleg.

Det er like naturleg å vise sinne som glede for barn. Fordi høgre hjernehalvdel er under utvikling, har mange små barn ikkje kapasitet til sjølv å regulere negative kjensler på tilfredsstillande måtar. Dei treng støtte frå ein vaksen med ei meir modna hjerne slik at sjølvreguleringa til barnet gradvis utviklar seg. Vaksne som barnet har trygg tilknytning til er best eigna til å støtte reguleringa av barnet sine negative kjensler. Vi må romme alle kjensler, både glede, sinne, frustrasjon, fortvilning, sorg og redsel.

Barn i barnehagealder lærer gjennom leik og ved å bruke kroppen og dei ulike sansane sine: høyrsele, syn, taktil sans (kjenne), smak og lukt. Dei skal få erfaring ved å bruke sansane sine, til dømes kjenne at steinen er glatt, snøen er kald, smake på ting, sjå, lytte mm. Barna skal få høve til konkrete erfaringar og lære og reflektere over desse. «Learning by doing and reflection», jfr Dewey sin teori.

Barna skal vere aktivt medverkande i desse læringsprosessane. Dei vaksne i barnehagen skal vere det støttande stillaset for barna i prosessane. Vi skal legge til rette for barnet si næraste utviklingssone. Det barnet klarer med litt støtte i dag, vil det klare aleine i morgon, jfr. Vygotskij sin teori.

Vaksne ta leiinga - Vi veit og forstår meir enn barnet om kva som er trygt, sunt og godt for barnet. Å innføre reglar gjer det lettare for barn å ha oversikt og kjenne seg trygge.

Lære konflikthandtering – barn treng at vaksne er større og sterkare og grip inn for å hjelpe dei og løyse ueinigheit på ein betre måte. Barna må bryne seg på det sjølv først, og dersom det ikkje løysar seg må barna få hjelp frå ein vaksen som er større og sterkare jfr. Tryggleikssirkelen.

Den autoritative vaksenrolla – har som kjenneteikn at den balanserer mellom å stille krav og forventningar, samtidig som ein viser varme, omsorg og støtte. Den vaksne leiar ved å sette klare rammer og grenser, men innanfor eit klima av tillit og respekt. Dette er med og fremjar barn si positive sosiale og emosjonelle utvikling, sjølvstende og sjølvregulering. Den autoritative vaksne bygger gode, varme relasjonar som dei heile tida pleier og held ved like.



Dei har ein balanse mellom å vise varme, og å stille krav og forventningar, Roland 2021. Krava kan til dømes dreie seg om oppførsel, forventningar til oppgåver som skal utførast, eller eit oppdrag om noko bestemt som skal lærast. I følgje Roland handlar teorien om dei to dimensjonane varme og relasjonsbygging på den eine sida, og grensesetting og krav på den andre. Desse fungera best når dei får jobba saman. Dei to sidene ved teorien blir styrt av nokre prinsipp:

- Grenser skal settast med respekt og dei skal grunnleggjast. Krav skal stillast ut i frå kvar barnet er i utviklinga si. Barnet skal ha medverknad.
- I dei tilhøva der vi som vaksne ser oss nøydde til å auke krava, er det viktig å gje tilsvarende med varme og relasjonsbygging. Dette omtalar Roland som å «kome i posisjon», fordi vi toler meir frå dei vi kjenner og stoler på. Krav og forventningar blir annleis teke i mot når det kjem frå varme relasjonar.

I den heilt andre enden av skalaen er den autoritære vaksne. Han har lite varme, men derimot mange krav. Ein ettergjevande vaksen har på si side mykje varme, men låg grad av krav, Roland 2021.

Språk og kommunikasjon

Gjennom dialog og samspel skal vi støtte barna i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Alle barna skal bli stimulerte gjennom barnehagekvardagen og få delta i aktivitetar som fremmer kommunikasjon og språkutvikling.

Dette ynskjer vi å oppnå ved å vere aktive språkmodellar:

- Støtte bruk av språk ved fram og tilbake utvekslingar, rask respons og opne spørsmål.
- Gjenta ord som barnet kan og gje det nye ord som forklarast. Knyte orda til barnet sitt liv/ kvardag.
- Avansere språket til barnet ved å bruke varierte ord og skildringar, sette ord på ting og det som skjer, forklare vanskelege ord.
- Beskrive handlingar og kjensler av det vi gjer/ det barnet gjer.
- Breim barnehage har ASK (Alternativ – supplerande kommunikasjon) – grunnpakke som består av bildesymbol. Vi har lisens på «Rolltalk designer» som er eit digitalt verktøy der vi kan lage bildesymbol sjølv. Alle avdelingane har bildebøker med ASK – symbol. Dette har alle barn nytte av i kvardagen, og vi nyttar det spesielt til barn som har språklege utfordringar. Som ved dialogisk lesing har bildesymbola bilde der ordet er skreve under.
- Barna skal bli presentert for ulike tekstar, forteljingar, rim, regler og songar
- Dialogisk lesing. Vi brukar dialogisk lesing i barnegruppene. Barna skal bli interesserte i bøker, og like og bli lest for. Det er mykje god språkstimulering i det. Vi brukar tankekart med blider av nøkkelorda i bøkene og skriv kva det er bilde av under. På denne måten erfarer barna koplinga mellom tankekart og skriftspråket.

Medverknad

Barn sin medverknad i barnehagen er ein rettighet som sikrar at barn får uttrykke sine meiningar og delta aktivt i kvardagen, i samsvar med barnehagelova og FN sin barnekonvensjon. Barna skal ha høve til å gje uttrykk for sine synspunkt og delta aktivt i planlegginga og vurderinga av aktivitetane i barnehagen.

Kva er barn sin medverknad?

Barn sin medverknad refererer til barna sin rett til å delta i avgjersler som vedkjem deira



kvardag i barnehagen. Vi skal sikre medverknad ved å observere barnet, ha barnesamtale og foreldresamtale. Barnet si stemme skal høyrast. Vi utfører barnesamtale med alle førskulebarna, i tillegg er det eit tiltak med barn som er involvert i BIM – saker, og det er eit tiltak ved tidleg innsats (BTI – tiltak).

Rammeplanen tydeleggjer at både barn og foreldre skal ha høve til å medverke. Medverknad betyr at barn og foreldre skal ha høve til å fremje sitt syn og såleis bli høyrte - *ikkje* å få alle ynskja innvilga.

Foreldre har høve til å medverke gjennom t.d. foreldresamtaler, foreldremøte og brukarundersøkingar. Vi har obligatoriske foreldresamtaler om våren der vi samtaler om alle utviklingsområda til barnet, og om overgangar. Løyver som vi ikkje har automatisk er òg tema. I tillegg er samarbeid mellom barnehage og heim viktig tema. Kva er det viktig at heimen set fokus på? Kva skal barnehagen bidra med? Kva skal heimen og barnehagen gjere saman?

I tillegg er foreldrerådet og samarbeidsutvalet arenaer der foreldregruppa si stemme vert høyrte. Samarbeidsutvalet skal vere rådgjevande, kontaktskapande og samordnande.

«Barn i barnehagen har rett til å gje uttrykk for sitt syn på barnehagens si daglege verksemd. Barn skal jamleg få høve til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemd. Barna sine synspunkt skal vektleggast i samsvar med barnet sin alder og modning», barnehagelova §3.

Ein viktig del av medverknaden til barna er at dei på ein sjølvstendig måte får høve til å delta i alle kvardagsaktivitetane, øve på desse, og på den måten oppleve meistring og utvikle sjølvhjelp i kvardagssituasjonar. Vi skal behandle barna som subjekt dvs. at dei er aktive og kompetent deltakande. Medverknad må vere tilpassa alder og modning. Å bli sjølvhjelpete er ei enkel form for medverknad som alle barn kan nyte godt av (t.d. lage til/ rydde opp etter måltid, kle på/av seg sjølv, hente kleda sine sjølv, rydde leikar, legge til rette det fysiske miljøet slik at barna kan hente leikar, bøker, teiknesaker sjølve).

Demokrati

Gjennom å delta i barnehagefellesskapet skal barna få høve til å utvikle forståing for samfunnet og det fellesskapet dei er ein del av. Barnehagen skal fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å ytre seg, bli høyrde og delta. Vi skal øve på å vise omsyn, empati, vere del av eit fellesskap, glede andre, ta tur og vente på tur, dele, samarbeid.

Filosofering med barn handlar om å lære dei å stille spørsmål til seg sjølv og andre, og om å gje dei litt motstand. Det er fint å bruke bøker for å bygge omgrepsforståing. Ved å snakke om og stille spørsmål til det vi les, får vi eit breiare mangfald om ting enn å berre gripe fatt i det so skjer her og no.

Digital praksis

I tråd med rammeplan for barnehagar skal barnehagen ha fokus på digital praksis. Personalet skal ha eit framtidsretta blikk og sjå potensialet i dei pedagogiske verktøya, - både i det pedagogiske arbeidet med barna, i didaktisk planlegging og i vurderingsarbeid. Dei digitale verktøya har moglegheit til å støtte opp om barn sin kreativitet, undring og skapar evne i leik og aktivitetar. Ein føresetnad for god digital praksis er at personalet tek aktivt del saman med barna. Barna skal vere aktive produsentar – ikkje passive konsumentar.



Overgangar

Når barnet begynner i barnehagen

Vi skal samarbeide med føresette og legge til rette for at barnet får ein trygg og god oppstart i barnehagen. Vi skal tilpasse rutinane våre og organisere slik at alle barn får tid til å bli kjende, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og dei andre barna. Når barnet startar i barnehagen skal personalet syte for tett oppfølging slik at barnet etter kvart kjenner seg trygg i barnehagen. Nye barn blir inviterte på besøk på småbarnsavdelinga før ferien.

- 15.august nytt barnehageår- Nye barn på tilvenning
- Føresette må sette av nok dagar til tilvenning
- Vi oppmodar om kortare dagar dei første dagane
- Tilbod om oppstartssamtale/ overføringar/ informasjon
- Foreldremøte i juni for nye foreldre.

Overgangar i barnehagen

Barna har overgangar i barnehagen når dei skiftar avdeling. I Breim barnehage blir den siste veka før nytt barnehageår nytta til intern overgang mellom avdelingane, og tilvenning for dei eldre barna som skiftar avdeling. Ein kjend vaksen føl denne veka over til ny avdeling. Brosjyre med detaljert informasjon blir delt ut i samband med overgangen.

Overgangar mellom barnehage og skule

Vi følgjer plan for overgangar som gjeld for Gloppen kommune. Rutinar og ansvar er fordelt mellom barnehage og skule. På foreldresamtala om våren før barnet startar på skulen, innhentar barnehagen løyve frå føresette om kva informasjon skulen skal få om barnet. Det vert organisert besøksdagar forut for alle overgangar. Brosjyre med detaljert informasjon blir delt ut i førekant av overgangen.

Samarbeid

Samarbeid barnehage – heim

For å få ein god barnehage er vi avhengig av eit ope og nært samarbeid basert på gjensidig tillit og respekt. Kommunikasjon er grunnleggande viktig i alt samarbeid. I foreldresamarbeid er den daglege kontakta, foreldresamtaler og foreldremøta viktig for godt samarbeid.

Det formelle samarbeidet består av:

- Foreldremøte
- Foreldresamtaler
- Brukarundersøkingar (enkelte år)
- SU

Samarbeidsutvalet til barnehagen blir valt på foreldrerådmøte. Det skal bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. For meir utfyllande informasjon om foreldreråd og samarbeidsutval sjå verksemdsplan.



Samarbeid barnehage - heim med gjensidig tillit og respekt

For å oppnå dette må eg som personale eller foreldre:



Kommunikasjon og dialog.

- Vere samkøyrte heim – barnehage. Avklare konkrete tiltak som både heim og barnehage følgjer opp i forhold til barnet sitt behov.
- Møte kvarandre med eit smil. Helse når ein møtast t.d i porten. Høfligheit.
- Ha open og direkte dialog om positive ting, men og ting som kan vere utfordrande med tanke på barnet sitt beste. Samtale mellom vaksne utan at barna er tilstades.
- Snakke med og ikkje om. Framsnakke kvarandre.
- Ha dialog på foreldresamtala.
- Skriv stikkord på tavla om kva som har skjedd gjennom dagen



Foreldremøte

- Lage innkalling til det viktigaste møtet i året - foreldremøte. Dele ut i papirform.
- Gje ei påminning. Skriftleg tilbakemelding på lapp om ein kjem eller ikkje.
- Ha forventningsavklaring kvar haust på foreldremøte.
- Lage gode rutiner for å medverke.



Ta opp saker

- Ha lav terskel for å ta opp ting direkte med foreldre/pedagog.
- Bruke sunn fornuft og ha forståing for kvarandre. Vere raus. Sjå den andre sitt perspektiv. Framsnakke og vere positiv for det som skal skje.
- Ha gjensidig respekt for kvarandre.
- Bruke SU, foreldreråd, personalmøter som arena for saker som gjeld fleire.

Samarbeidet skal vere prega av at det vert lagt til rette for inkludering, forståing og medverknad, ved å få høve til å uttale seg i saker dei ulike partane skal medverke i.



Rikare kvardag

midt i verda



Andre instansar

Breim barnehage samarbeider med offentlege hjelpeinstansar som helsestasjon, PPT, HABU, BUP, fysioterapeut, barnevern og kommunen sitt innsatsteam mot mobbing (KIM). Barnehagetilsette har meldeplikt ifht mistanke om omsorgssvikt, vold og overgrep. Anna tverrfagleg samarbeid blir innhenta ved samtykke frå føresette.

Barnehagen si organisering

Eigar

Gloppen kommune eig Breim barnehage. Barnehageeigar har det overordna ansvaret for at barnehagen blir driven i samsvar med gjeldande lover og regelverk, jf barnehagelova §7 første ledd. Barnehageeigaren har dermed juridisk ansvar for kvaliteten på barnehagetilbodet.

Styrar

Styrar er gitt det daglege ansvaret i barnehagen – pedagogisk, i forhold til personale og administrativt. Styrar leiår og føl opp arbeidet med planlegging, dokumentasjon, vurdering og utvikling av innhaldet og arbeidsmåtarne i barnehagen, og syt føre å involvere heile personalgruppa.

Pedagogisk leiar

Den pedagogiske leiaren er gitt ansvaret for å setje i verk og leie det pedagogiske arbeidet i tråd med godt fagleg skjønn. Den skal rettleie og syte for at barnehagelova og rammeplanen blir oppfylde gjennom det pedagogiske arbeidet.

Fagområda i barnehagen – Progresjonsplanar

Progresjon betyr framsteg. Det du ikkje får til i dag, får du til i morgon eller til neste år. Vi presenterer forslag til løysingar, introduserer moglegheitar og ulike teknikkar frå barna begynner i barnehagen til dei begynner på skulen. Alle barn er aktive deltakarar, medspelarar og utforskar egne liv. Dei blir påverka av omgjevnadane sine, og påverkar seg sjølv. Utvikling og progresjon i småbarnsalder er ein samanheng mellom å tileigne seg kunnskap og ferdigheter.

Det er viktig og påpeke at progresjon er ein prosess. Det er store individuelle ulikskapar på når barn når milepålar og når dei er klare til ny læring. I Breim barnehage er det viktig og motivere, lære og inspirere barna til å få nye erfaringar og ny kunnskap, til å få meistringskjensle og tru på at dei kan! Progresjonen skal følgje barnet.

Vi har sju fagområde vi skal jobbe med i barnehagen og som er utgangspunkt for Breim barnehage sin progresjonsplan:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengd, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn



For meir utdjupande informasjon, sjå Rammeplan 2017. NB! Fagområdet: «Kommunikasjon, språk og tekst» går igjen i heile progresjonsplanen.

Progresjonsplan litteratur og progresjonsplan pedagogisk innhald




Språkkommune – prosjektet sin framtidsvisjon var: «Barn og unge i sentrum for si eiga språkutvikling». Breim barnehage brukar lesing som strategi slik som skulen. Vi er ein del av utdanningsløpet. Det er ei auke i lese- og skrivevanskar i samfunnet. Lesestrategien inn mot biblioteket har vore å bygge opp eit samarbeid inn mot skule og barnehage med barnet sitt beste og interesse i fokus.

Vi har samarbeid med biblioteket om bibliotekasser. Biblioteket har oversikt over tema vi jobba med i barnehagen. I tillegg kan pedagogane sende inn ynskjer om bøker på bakgrunn av interessa til barna på avdelingane, og såleis stimulere leseglede i frileiken. Dette gjer at vi jamleg får «nye» bøker og dermed variasjon i litteraturen vi tilbyr barna i barnehagen. I tillegg innvisterar vi jamleg i nye bøker sjølve. Vi jobbar med dialogisk lesing i barnehagen der vi koplar lesing, kreativitet, samtale og skriftleggjer nøkkelord/ begrep. Progresjonsplanen blir justert ved behov, og tilpassast barna sine interesser og tema vi fokuserer på.

I tillegg til bøkene i progresjonsplanen nyttar avdelingane Bjørnisbøkene i høve brannvern mm, Tarkus i høve trafikktryggleik, bøker om samane sin dag og bøker knytt til høgtider/ religion. Alle avdelingane har bøker med ASK – symbol (bildesymbol i tillegg til tekst).



Eksempel på bøker med ASK – symbol:



Helsestasjonen fremjar òg lesing. Forsking syner at ordforrådet til barnet i 3 – års alder heng saman med seinare lese – og skriveutvikling i skule.



Progresjonsplan – variasjon i tema/ bøker tilpassa ulike alder og utviklingsnivå

Månad	Fagområde	Tema	Alder 1 år	Alder 2 år	Alder 3 år	Alder 4 år	Alder 5 år Skulestartar
August September	Mengd, rom og form Kommunikasjon, språk og tekst Kropp, rørsle, Mat og helse	Haust Vennskap Brannveke Fargar Leik	Bøker frå «Tomas og Emma» -serien «Min første bok om farger» Ulike bildebøker med dyr	Karsten og Petra «Duestien barnehage» «Gullhår og dei tre bjørnane»	Bøker frå serien om «Vennebyen» Bøker frå serien om «Peppa Gris»	«Geitekillingen som kunne telle til ti» «Raudhette og ulven»	Bøker frå serien om «Tambar» Verdensrommet «Barske barn 123 og ABC» «Blekkulf» «Karius og Baktus» «Reveenka» «Askeladden som kappåt med trollet»
Oktober November	Nærmiljø og samfunn Kunst, kultur og kreativitet Kommunikasjon, språk og tekst Etikk, religion og filosofi	Trafikk Haust Leik Vennskap	Bøker frå serien om «Bablarna» Bøker frå «Toddler – soft» - serien Eventyret om «Bukkane Bruse»	«Lille Larven aldrimett» Bøker frå serien om «Trafikk-vennen Tarkus»	«Årstidene i Vrimleby» Bøker frå serien om «Lillesøster»	«Karius og Baktus» «Daniel møter dinosaur» og andre bøker frå «Dinosaur-gjengen»	«Geitekillingen som kunne telle til ti» Bøker frå serien om «Pulverheksa»



Desember Januar Februar	Etikk, religion og filosofi Kropp, rørsle, mat og helse Kommunikasjon, språk og tekst	Advent – jul, tradisjonar ifht kristen kulturarv Vinter Leik Vennskap Samefolket	«Skinsvotten» «Fantus pynter juletre» «Fifi Månåidgarddis»	«Bø og bæ i vinden» «Peppa gris dyrepasser»	«Jakob og Neikob» Bøker frå serien om «Peppa Gris»	Bøker frå serien om «Albert Åberg» Bøker frå serien om «Lillesøster» Bøker frå serien om «Peppa gris» Bøker frå serien om «Karsten og Petra»	«Pandaene som lovet» «Fanta og Dovendyret» Forteljingar om jul
Mars April	Nærmiljø og samfunn Etikk, religion og filosofi Kommunikasjon, Språk og tekst	Påske Leik Vennskap Påske Vår	«Årstidene i Vrimleby» «Lille larven aldrimett»	«Karsten og Petra på tur» «Tramp og Line – den nye vennen»	Bøker frå serien om «Lillesøster» Ulike faktabøker	Bøkene om «barnekonvensjonen» Frosken	Lille Lykke skriver Forteljingar om «påska»
Mai Juni Juli	Natur, miljø og teknologi Nærmiljø og samfunn Kropp, rørsle, mat og helse	Vår Nasjonaldag Eg – veit kampanje Kildesortering Sommar	«Dei tre små grisane» «Mine 100 første ord»	«Felix har følelser» Bøker frå serien om «Albert Åberg» «Årstidene i Vrimleby»	Bøker frå serien om «Gruffalo» Bøker frå serien om «Tambar»	Lykke og Vilmer «Gleding» Dei ti små vennebøkene med ulike tema	Teikneforteljing om «katten» «Alle dyrene i Hakkebakkeskogen» Bøker frå serien om «Albert Åberg»



Kommunikasjon, språk og tekst

Gryande erfaringar til verbale og non-verbale måtar og kommunisere på, ta kontakt med andre

Bli kjent med bøker, bilder, songar, rim og regler

Begynnande turtaking

Benevne daglegdagse ting/ hendingar

Følge enkle instruksjonar: «legg dukka i vogna»

Kunst, kultur og kreativitet

Erfare ulike teknikkar/ materiell for å uttrykke seg estetisk

Oppleve glede med musikk, rytme, rørsle

Mestring og skaparglede

Erfare aktivitet med ulike fargar (primærfargane)

Sanseerfaringar med ulike materiell

Kropp, rørsle, mat og helse

Utfordre seg sjølv: leik ute og inne, gymsal, ute på tur

Erfaring ifht gode vanar/ hygiene, sunt og godt kosthald

Erfare kvar maten kjem frå/ korleis vi kan nytte ulik mat

Erfare korleis dei kan bruke kroppen sin, ulike kroppsdelar, erfare korleis dei fungerer, gå på potte, toalett, sosiale samspelkodar i gruppe, turtaking, lære å dele

LEIK 1 -2 år
Parallelleik,
tumleleik,
leikegrupper

Natur, miljø og teknologi

Gryande erfaringar til det som skjer i naturen – glede seg ute

Bli kjent med barnehagen sitt uteområde

Mengd rom og, form

Erfare ulike former/ storleikar/ tal gjennom leik, undring, forskning, naturmateriell

Bruke kroppen/ sansane til gryande romforståing

Gryande opparbeiding av romkjensle

Etikk, religion og filosofi

Få gryande erfaringar til høgtider og tradisjonar knyta til den kristne kulturarven/ merkedagar

Takke for maten, seie hei/ hade

Respekt, nyskjerrighet og undring, filosofere/ fantasere

Nærmiljø og samfunn

Utforske nærmiljøet: turar/ besøk

Erfare ulike aktivitetar/ leik i Go` flekkjen

Endringar i mørketida/naturen

Nærmiljøet: Sjå julegrana når den er blitt tent, pynting med lys ute/ i vindu

Vere del av eit fellesskap på avdelinga/ i Breim bhg

Erfare endringar i naturen, vere ute i ulike årstider



Kommunikasjon, språk og tekst

Kjennskap til kva venskap er/ vere ein god ven/ulike måtar å kome inn i leik/ korleis bruke språket for å skape relasjonar/tru på seg sjølv, eg kan

Bruke språket aktivt i leik og samspel under måltid, rydding-rim/regler, gåter, fargar

Utvide ferdigheter i rolleleik/ leik, «vi-kjensle»

Kjennskap til sortering, ulike omgrep, kategoriar, preposisjonar

Lære sosiale samspelskodar

Utvide begrep, fleirledda setningar, nektande setningar

Kunst, kultur og kreativitet

Kjennskap til ulike teknikkar/ materiell for å uttrykke seg estetisk

Konstruksjonsleik

Eventyr, dramatisering

Mestring og skaparglede

Kjennskap til samane og kulturen deira, karneval

Kropp, rørsle, mat og helse

Kjennskap til grunnleggjande grov-og finmotoriske aktivitetar ute/inne

Kjennskap til eigen kropp, kjensler, tru på seg sjølv, «eg kan»

Kjennskap til korleis vi lagar mat, dekkar bordet, kvar maten kjem frå, korleis vi kan nytte mat

Syne respekt for naturen

Øve på og tole motgang, konfliktløyising, demokrati

LEIK 3 - 4 år
Symbolleik,
konstruksjonsleik,
rolleleik, byrjande
regelleik, leikegrupper

Natur, miljø og teknologi

Gryande kjennskap til det som skjer i naturen i ulike årstider – glede seg ute

Kjennskap til kroppen sin, ulike kroppsdelar, korleis dei fungerer

Nærmiljø og samfunn

Delta i arbeidet med Go`flekken, turar i nærmiljøet

Ta omsyn, vere ein del av eit fellesskap, glede andre. Turtaking, dele, samarbeid, skifte perspektiv, FN-dagen/ barnekonvensjonen

Kjend med lokale tradisjonar/skikkar

Kjennskap til søppelsortering

Kjennskap til naturen sitt kretsløp, dyre og planteliv

Etikk, religion og filosofi

Kjennskap til høgtider/tradisjonar/merke dagar knytt til kristen kulturarv,

Erfare mangfald i gruppa

Kunnskap om respekt, toleranse, empati og kjensler

Fantasere i leik, undre seg saman, filosofere

Mengd rom og, form

Lære omgrep knytt til naturen/ Go`flekken: mengd/form/sortere

Utvikle romkjensle

Lære å telje/djupareforståing for tal

Kjennskap til trafikktryggleik, brannvern og brannrutine



Kommunikasjon, språk og tekst

Leike med språket/ rim og regler, minimale par, gradbøying av adjektiv

Utforske og leike med skriftspråket, bokst/ tal

Kunnskap om ulikskap/ sosiale spelereglar – «vi»-kjensle

Barna lage historier/gjenfortelje

Språkleg variasjon/ dialekter=identitet

Lære omgrep ifht preposisjonar/ storleikar/adjektiv mm

Gje barna tid til å få uttrykke seg

Lære samspelskodar

Kunst, kultur og kreativitet

Kjennskap til ulike uttrykksformer innan musikk, dans, forming, film - dramatisere

Kunnskap om grunnfargane, korleis lage ulike fargar- skaparglede

Bli kjent med lokale kunstnarar

Kjennskap til samane og deira kultur

Kropp, rørsle, mat og helse

Mestre grunnl. grov og finmotoriske aktivitetar ute/inne

Lære om eigen kropp,kjensler, tru på seg sjølv – eg kan!

Kunnskap om kvar maten kjem frå, korleis nytte den, respekt for naturen

Erfare matlaging, dekke på, matkultur

Delta i fysisk aktivitet ute

Lære og tole motgong

LEIK 5 – 6 år
konstruksjonsleik,
avansert
rolleleik,
regelleik,
leikegrupper

Natur, miljø og teknologi

Kunnskap om årstidene: kva skjer og kvifor? Kretsløp

Kunnskap om fødsel, vekst, aldring og død

Lære om matproduksjon

Lære om eigen kropp

Lære at insekt/ dyreliv er viktig for jorda vår

Nærmiljø og samfunn

Bli kjend med lokale tradisjonar/ skikkar.

Bygda/nærmiljøet, turar i nærmiljøet. Barna medverke

Forståing for sosialt samspel, ta omsyn, vere del av eit fellesskap, glede andre, lære turtaking, dele, samarbeid, skifte perspektiv, FN-dagen/barnekonvensjonen

Kjennskap til søppelsortering, naturen sitt kretsløp, dyre og planteliv

Kunnskap om IKT som verktøy

Delta i arb m/Go` flekkjen.

Naturen sitt kretsløp, ta vare på naturen

Kjeldesortering/gjenvinning

Bærekraftig utvikling

Etikk, religion og filosofi

Utvida kjennskap til høgtider/tradisjonar knytt til kristen kulturarv

Kjennskap til andre religionar/livssyn på avd.

Ta konsekvensar for eigne handlingar, lære turtaking

Skape eigen identitet/sjølvbilde

Erfare samarbeid, verdier, holdningar, ansvarsoppg.

Mengd rom og, form

Vidareutvikle relevante ord og omgrep knytt til tema ved å leike/undersøke ting, kategorisere, sortere, plassere, former, tal/teljing, samanlikne, Lære om trafikktryggleik, brannvern, liksskap/ulikskap, str

Få forståing for tal/romkjensle



Kjelder

- Ask, Catrine: «Rammeplanen og hverdagen i barnehagen, Pedagogisk forum 2018
- Utdanningsdirektoratet: Rammeplan for barnehager 2017
- Helgøy, Guttorm: Kurs 2020
- Roland, Pål: «Den autoritative voksenrollen i barnehage og skole, Cappelen Damm Akademisk, 2021
- Brandtzæg, Torsteinson, Øiestad: «Se barnet innenfra», Kommuneforlaget 2014
- Lov om barnehagar
- FN sin barnekonvensjon